



Innkalling  
av  
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 14.03.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
025/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/23	Godkjenning av møteprotokoll – 07.02.2023
027/23	17. mai Alver, folkemøtet ved Meland kyrkje
028/23	Tilskot til verneverdige kulturminne 2023

7. mars 2023

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 07.03.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
025/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	14.03.2023

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 07.03.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
026/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	14.03.2023

### **Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jpid> FA-X01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	14.03.2023
	Alver kommunestyre	

## 17. mai Alver, folkemøtet ved Meland kyrkje

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre tek tilbakemeldingane frå medarrangørane i 17. mai-komiteen for folkemøtet ved Meland kyrkje, og foreldregruppene ved skulane, til etterretning.

Alver kommune avsluttar formelt si deltaking i 17. mai-komiteen for folkemøtet ved Meland kyrkje.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saka gjeld

Meland kommune var i ei årrekke ein av medarrangørane for folkemøtet ved Meland kyrkje 17. mai, i lag med kyrkja, ungdomslaga og korpsa.

Folkemøtet har lange tradisjonar, der 17. mai-tog frå krinsane Vestbygd, Sagstad og Grasdal møttest ved kyrka. Folkemøtet har bestått av kransenedlegging, talar, song, musikk, kafesal og gudsteneste.

Folkemøtet vart ikkje arrangert i åra 2020–21 grunna pandemien.

Fleire av medarrangørane meldte i forkant av feiringa i 2022 at dei hadde eit ønskje om å gjennomgå framtida for folkemøtet. Alver kommunestyre vedtok på same tid, i april 2022, å finansiere og delta i gjennomføringa av eit tradisjonelt folkemøte same år, men la opp til at vidare avklaringar for 17. mai etter 2022, inkludert folkemøtet, måtte komme i ei seinare sak.

Sakshandsaminga i april 2022 etablerte nokre prinsipp knytt til mellom anna kransenedleggingar, som kommunedirektøren rår til å vidareføre. Vidare handterer flaggreglementet korleis flagging skal skje på 17. mai. Denne saka gjeld derfor berre framtida for folkemøtet ved Meland kyrkje, og ikkje 17. mai i Alver på generell basis.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

#### **Historisk bakgrunn**

Den første kjende 17. mai-komiteen i området vart vald i 1896, med utspring i Meland Venstreforening. Feiringa vart gjentatt i åra som kom, og open for alle. Tilknyttinga til kyrkjestaden var til stades frå dei første åra, med feiring på Holmeknappen i etterkant av gudsteneste og prosesjonar mellom bygder og kyrkjestad. Komiteane si samansetjing tyder på at desse tidlege feiringane samla folk frå Fløksand til Frekhaug og over til austsida av Holsnøy til Håtuft og Myrtveit.

Dei frilynte ungdomslaga i kommunen fekk etter kvart ei større rolle i organiseringa av markeringane. UL Solglytt (Dale/Frekhaug) hadde spelstykke, konkurransar og dans etter prosisjon frå Meland kyrkje. UL Von (Vestbygd) samarbeidde med UL Solglytt og avhaldslaget Norrøna om felles markeringar ved kyrkja, og om tilstellingar på ettermiddag og kveld, med dans, mat og spel på Vonheim. Tradisjonen knytt til prosisjon, folkemøte, gudsteneste og lokale arrangement på ettermiddagen og kvelden skriv seg over 120 år tilbake i tid.

Det er ikkje kjend om Meland kommune på eit tidspunkt formelt starta ei deltaking i komiteen. Ei slik avgjerd er likevel lite sannsynleg. Kommunen vart skipa i 1923, og var på denne tida ein svært avgrensa organisasjon. Ein kan rekne med at den kommunale deltakinga gradvis utvikla seg, med bakgrunn i samarbeid mellom ordførarar, formannskap, frivilligheita og kyrkja, som haldt fram og utvikla seg vidare etter kommunesamanslåinga i 1964.

Kjelde: Langeland, Knut (red.), 2014. *17. mai-feiringar i Meland*, i: Nordhordland 1814–2014. Scholz Forlag, Bergen 2014.

### **Sakshistorikk**

Sakshistorikken er knytt til KO-041/22, handsama 7. april 2022.

### **Partar**

17. mai-komiteen for folkemøtet ved Meland kyrkje, beståande av Alver kommune, Meland sokn, UL Varden, UL Von, UL Solglytt, Sagstad skulekorps og Meland musikklag. I tillegg er FAU Vestbygd/17.mai-komite Vestbygd, FAU Sagstad/17. mai-komite Sagstad og FAU Grasdal/17.mai-komite Grasdal partar.

### **Prosess**

Det har i 2022-23 vore gjennomført ein prosess mellom medarrangørane. Referat frå møta, og tilbakemelding frå partane ligg ved saka.

Komiteen møttest 31. mars 2022, for å førebu 17. mai same år. Møtet vart gjennomført seinare på året enn normalt, grunna usikkerheit knytt til pandemien. Fleire av deltakarane ønskte i dette møtet ein prosess for å avklare framtida for folkemøtet, og eventuelle endringar. Alver kommune opplyste at dette ville fordre ei eiga politisk sakshandsaming på eit seinare tidspunkt.

Sak KO-041/22, som vart handsama 7. april 2022, la òg opp til at ein måtte komme tilbake til korleis ein skulle gjennomføre 17.mai i åra etter 2022, inkludert folkemøtet, i ei eiga sak.

17. mai-komiteen for folkemøtet ved Meland kyrkje, samt lokale 17. mai-komitear/FAU ved dei tre skulane, møttest derfor igjen 28. september 2022, med konklusjon om at organisasjonane treng meir tid til eigne rundar om saka, før vidare dialog.

Nytt møte vart gjennomført 15. februar 2023, etter at FAU/17. mai-komiteane ved skulane og somme av organisasjonane hadde formelt meldt tilbake, i tillegg til det som vart referatført frå møta.

Konklusjonen i møtet i februar var at folkemøtet har vekt seg svært stort, som gjer ei føreseieleg gjennomføring krevjande, og at ein i krinsane har fått tydelege tilbakemeldingar på ønskje om å arrangere lokale 17. mai-tog og folkemøte til erstatning for det tradisjonelle. Alver kommune meldte i møtet at ein ville tilrå å ta tilbakemeldingane og konklusjonen til etterretning.

### **Vurdering:**

I prosessen har ein frå kommunen si side tatt utgangspunkt i at organisasjonane og krinsane på søre Holsnøy sjølve må avgjere kva for markering dei vil arrangere, og at ein så viktig markering som 17. mai må vere godt forankra i ønska og behova lokalt.

Kommunen sin del av spørsmålet har vore knytt til gjennomføringa av sjølve folkemøtet, der kommunen formelt sett har vore ein medarrangør. Ein har derfor forheltd seg til denne delen først og fremst: om det framleis er grunnlag for å skipe til eit folkemøte på 17. mai ved Meland kyrkje. Dette spørsmålet har retta seg til dei andre medarrangørane, der mellom anna ungdomslaga har ei stor rolle, med kring 25 frivillige i gang på

sjølve dagen i tillegg til for- og etterarbeid.

Spørsmålet om kvar krinsane ønskjer å gå i 17. mai-tog har frå kommunen si side vore viktig i lys av at gjennomføring av folkemøtet er avhengig av oppmøte. Ein har likevel vore tydeleg på at dette spørsmålet tilhøyrar innbyggjarane i krinsane og ikkje kommunen som organisasjon.

Ein har i arbeidet sett til medarrangørane og FAU/foreldregruppene ved skulane, og lagt opp til at dei sjølv må ha eigarskap til sine lokale prosessar. FAU-ane har gjennomført spørjeundersøkingar i foreldregruppene, som viser eit tydeleg fleirtal for å endre tradisjonane.

Det er i praksis medarrangørane og foreldregruppene som i dette spørsmålet er tillagt vekt, og ikkje den ålmenne befolkninga på søre Holsnøy. Dette er knytt til at organisasjonane sjølv må definere sin kapasitet for å gjennomføre folkemøtet, og tilsvarende for foreldregruppene rundt skulane når det gjeld kva for 17. mai-arrangement dei ønskjer å skipe til.

Ein har òg erkjent at ein ikkje kunne gjennomføre ein brei prosess blant alle innbyggjarar i denne delen av Alver kommune på ein føremålstenleg måte.

FAU, lokale 17. mai-komitear og ungdomslaga i krinsane melder at dei kjem til å samarbeide både lokalt og mellom krinsane om gjennomføring av 17. mai, der mellom anna Sagstad skulekorps vil kunne spele i fleire krinsar i løpet av dagen. Krinsane og Meland sokn ønskjer å samarbeide om tidspunkt for lokale 17. mai-markeringar og gudstenesta.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Det er ikkje lenger naudsynte medarrangørar til folkemøtet ved Meland kyrkje, og FAU-ane i krinsane melder at fleirtalet i foreldregruppene ønskjer å avslutte 17.mai-toga til Meland.

Eit kommunalt ønskje om å vidareføre folkemøtet vert derfor vurdert til å ikkje vere eit gjennomførbart alternativ.

Kommunedirektøren rår til å ta tilbakemeldingane til etterretning, og formelt avslutte kommunen sitt engasjement i komiteen for folkemøte ved Meland kyrkje.

Kommunedirektøren rår til å framleis støtte kransenedleggingar ved 14 stadar i Alver, i tråd med KO-041/22. Alver kommune må finne samarbeidspart for å legge ned krans ved minnesmerket ved Meland kyrkje.

Det står frem eit behov for å markere at det tradisjonelle folkemøtet ikkje lenger kan gjennomførast, ved at kommunen gir merksemd til dei tidlegare medarrangørane og krinsane.

#### **Vedlegg i saken:**

07.03.2023	Referat 17. mai Meland kyrkje 2022 - 31.3.2022	1893121
07.03.2023	Referat møte 28.9.2022 17- mai	1893122
07.03.2023	Referat – 17.mai ved Meland kyrkje, 15.02.2023	1893123
07.03.2023	Undersøking FAU Sagstad	1893125
07.03.2023	Undersøking FAU Grasdalen	1893126
07.03.2023	17. mai undersøkelse sektordiagram FAU Vestbygd	1893127
07.03.2023	Tilbakemelding Sagstad skulekorps	1893128
07.03.2023	Vedrørende 17. mai feiring - innspel UL Varden	1893129
07.03.2023	KO-041-22 17. mai 2022	1893130

**Arkiv:**

<arkivID><jplID> FE-  
223, FA-C52

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:**

14.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	14.03.2023

### Tilskot til verneverdige kulturminne 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminne 2023:

Søkjjar	Tiltak	Tilskot
Sellevoll kultur og landskapspleie / Claus Sellevoll	Restaurering av torvhus i Veneset på Sellevoll	50 000 kr
Arvid Nøttveit	Ny kledning på løe på Nøttveit	30000 kr
Atle Johnny Vetås	Restaurering av tak på lemstove på Veåts	30000 kr
Nord- og Midhordland sogelag	Vindauge Bogatunet og Syltastova	50000 kr
Inger Aasgard Tvedt (Haugsdalen notlag)	Tilstandsrapport på Haugsdalen nothus	5000 kr
Lene og Jan Egil Kristiansen	Kårbustad Isdal og løe Isdal	50000 kr
Knut Fyllingsnes	Naust Fyllingsnes	15000 kr
Elisabeth og Stein Otto Hole	Lemstove Fjellanger	15000 kr
Olav André Soltveit	Restaurering av løe Kårbø	20000 kr
Nothustomten Sameie	Slutføring av restaurering	5000 kr
Tonny Andre Dale	Nytt golv i garveriet på Ytre Fosse	30000 kr

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i møte 16. september 2021 reviderte retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga Istandsetjing av verneverdige kulturminne 2023. Søknadsfristen var 15. november 2022.

#### Saksopplysningar

Retningslinjene for tilskotsordninga seier at den skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570) skal normalt prioriterast ved tildeling. Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune.

Det er sett av 300 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden.

Det kom inn tolv i søknader i denne søknadsrunden.

Vurdering av søknadene:

**1. Sellevoll kultur og landskapspleie / Claus Sellevoll, torvhus i Veneset på Sellevoll**

Claus Sellevoll søker om 100 000 kroner til restaurering av torvhusa i Veneset. Totalkostnaden i prosjektet er 656 809 kroner.

Torvhusa er reiste i tørrmur, og det er berre murane som står att. Søklar ynskjer å setja i stand torvhusa ved å restaurera murane og leggja tak på husa. Den gamle torvvegen er allereie sett i stand, og stien vidare skal setjast i stand og merkast. Søklar ynskjer at torvhusa, torvmyra, skogen og resten av utmarka skal få verdi både som turmål og som kjelde til kunnskap og oppleving. Søklar har allereie lagt ned ein stor jobb med å restaurera kulturminne på eigedomen på Sellevoll.

Torvhusa ligg i omsynssone H570 Den indre farleia.

Kommunedirektøren rår til at Claus Sellevoll får 50 000 kroner i tilskot til restaurering av torvhusa i Veneset.

**2. Arvid Nøttveit, løe på gbnr. 449/4 Nøttveit**

Arvid Nøttveit søker om 40 000 kroner til skifte av kledning på løa på gbnr. 449/4 Nøttveit. Totalkostnaden for prosjektet er 98 519 kroner.

Løa er ei grindverksløe med tørrmurarpå to av sidene. Løa er truleg bygd kring 1870. På eigedomen står det også ei godt bevart lemstove. Eigar fekk støtte frå Radøy kommune til restaurering av taket. Dette tiltaket vart slutført i 2022. Løa er ein typisk representant for løer i Nordhordland med vernemurar, grindverk som reisverk og tømra flor. Ny kledning er naudsynt for å ta vare på bygget.

Bygget er plassert i verneklasse B i kulturminneplanen for Radøy kommune.

Kommunedirektøren rår til at Arvid Nøttveit får 30 000 kroner i tilskot til ny kledning på løa på Nøttveit.

**3. Atle Johnny Vetås, Lemstove gbnr. 485/2 Nordre Vetås**

Atle Johnny Vetås søker om 50 000 kroner til restaurering av taket på lemstova på gbnr. 485/2 Nordre Vetås.

Lemstova er ein typisk representant for lemstovene i Nordhordland frå slutten av 1800-talet. I kartlegginga i samband med kulturminneplanen for Radøy kommune såg ein at det var få lemstover med vernemur, som denne, att i kommunen, og alle desse vart difor plasserte i verneklasse B i kulturminneplanen.

Den aktuelle lemstova skal få eit større tilbygg på kortsida mot nord. Tilbygget vil utgjera hovuddelen av bustaden. Då det i tråd med retningslinene for verneklasse B i kulturminneplanen ikkje er gjeve rivingsløyve for lemstova og søklar i staden tar vare på lemstova vert det foreslått å gje søklar tilskot til dette prosjektet, sjølv om tilbygget vil redusera kulturminneverdien på lemstova samanlikna med dagens status.

Kommunedirektøren rår til at Atle Johnny Vetås får 30 000 kroner i tilskot til restaurering av taket på lemstova på Vetås.

**4. Nord- og Midhordland sogelag, restaurering av vindauge på Bogatunet og Syltastova**

Nord- og Midhordland sogelag søker om 71 000 kroner i tilskot til gjenstående arbeid med restaurering av vindauga på Bogatunet og Syltastova.

Bogatunet og Syltastova er to automaisk freda bygg i Alver kommune. Nord- og Midhordland søkte og fekk tilskot frå post 71 i Statsbudsjettet som går til freda bygg i privat eige. Tiltaket viste seg å bli dyrare enn dei først trudde, og dei søker difor om eit ekstra tilskot til å få gjennomført restaurering av dei resterande vindauga. Det er også søkt om meir midlar frå post 71 til same tiltaket, men det har ikkje kome svar på denne søknaden. Om søklar får fullfinansiert arbeidet med tilskot frå post 71 må tilskotet frå kommunen tilbakeførast eller søkjast omdisponert til andre istandsetjingsprosjekt på Bogatunet.

Kommunedirektøren rår til at Nord- og Midhordland sogelag får 50 000 kroner i tilskot til restaurering av vindauga på Bogatunet og Syltastova.

#### 5. Inger Aasgard Tvedt (Haugsdalen notlag), Utarbeiding av tilstandsrapport for nothus i Haugneset

Inger Aasgaard Tvedt søker om 11500 kroner i tilskot til utarbeiding av tilskotsrapport for nothuset i Haugsdalen. Totalkostnaden er 14 525 kroner- Tilstandsrapporten skal leggjast til grunn for vidare søknad om tilskot til istandsetjing.

Nothuset vart bygd i 1903. Notlaget som eigde bygget hadde frå starten av 12 medeigarar, men eigedomstilhøva er i dag rydda opp i slik at det no berre er éin eigar. Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland skriv følgjande om bygget: «*Det som skil dette nothuset frå dei andre er byggemåten. Dette er eit grindbygg i to etasjer; dvs. stavane er uvanleg høge og grindbyggeteknikken er nytta på ein måte som er godt tilpassa bruken her. I første etasje, der båtane vart tekne inn, er det nytta rotkne for å utnytte plassen. I andre etasje, der nota vart lagra, er det nytta vanlege skråband. Den mest vanlege byggemåten for sjøbuer og nothus, som framleis står er bindingsverk. Nothuset på Haugneset er med det ein viktig representant for denne byggeskikken i Nordhordland.*»

Nothuset i Haugneset ligg ikkje i omsynssone H570, og det er heller ikkje kulturmiljøplan for området.

Kommunedirektøren rår til at Inger Aasgard får 5 000 kroner i utarbeiding av tilstandsrapport for nothuset på Haugneset.

#### 6. og 7. Lene og Jan Egil Kristiansen, løe og kårustad 185/6 Isdal

Lene og Jan Egil Kristiansen har restaurert løa på gbnr 185/6 på Isdal. Dei har hatt kostnader på kr 367 427 til dette prosjektet. Dei har ikkje skrive søknadssum i søknaden.

Løa på Isdal ligg i klyngetunet på Isdal som har omssynssone H570 i kommuneplanen, og i tillegg er vurdert å ha regional verdi. Søklar var på bakgrunn av dette i kontakt med kommunen for å få godkjenning for dei planlagde tiltaka som omfatta nytt tak og skifte av kledning på løa og skifte av tak på kårustaden. Kommuen gav saman med fylkeskommunen godkjenning til materialval.

Det omsøkte tiltaket vart gjennomført, men søklar meiner at han ikkje har fått god nok informasjon om moglegheit til å søkja tilskot. Søklar fekk, ved ein inkurie, ikkje svar på spørsmålet han stilte kommunen om han kunne søkja tilskot, men etterlyste ikkje manglande tilbakemelding på dette. Søklar hevdar at kulturverntenesta i Nordhordland har sagt at dette tiltaket ikkje var noko dei ville få tilskot til. Det er uansett søklar sjølv si avgjersle å ikkje søkja tilskot.

Det er kommunedirektøren si vurdering at søklar ville fått tilskot til prosjektet dersom dei hadde søkt på før tiltaket vart sett i verk. På bakgrunn av dette vert det foreslått å gje søklar eit tilskot på kr 50 000 kroner totalt for desse to prosjekta trass i at tiltaka allereie er gjennomført.

#### 1. Knut Fyllingsnes, naust gbnr. 214/3 Fyllingsnes

Knut Fyllingsnes søker om tilskot til restaurering av naust på gbnr. 214/3 Fyllingsnes. Totalkostnaden på prosjektet er 38 200 kr. Det er ikkje oppgjeve søknadsbeløp.

Bygget er eit tømra naust som truleg er sett opp der det står etter 1860. For å ta vare på naustet er det naudsynt å fjerna vegetasjon, reetablere drenering på eine sida, tetta lekkasje og utbetra roteskadar. Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland skriv i rapporten som følgjer med søknaden at: «Tømra naust finn ein over heile Nordhordland, men det er tettare mellom dei dess lenger innover i fjordane ein kjem. (...) Trass i at det finst fleire representantar for denne type naust i regionen er det viktig å ta vare på dei som står att då dei forsvinn litt etter litt. Då desse nausta i dag blir rekna for å vere for små eller for upraktioske til at dei kan brukast til noko, blir dei ståande tome og forfell»

Det finst ikkje kulturmiljøplan for dette området, og naustet ligg heller ikkje i omsynssone for bevaring av

kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at Knut Fyllingsnes får 15 000 kroner i tilskot til restaurering av naustet på Fyllingsnes.

## 2. Elisabeth og Stein Otto Hole, lemstove gbnr 103/7 Fjellanger

Elisabeth og Stein Otto Hole søker om 50 000 kroner i tilskot til å fullføre restaureringa av lemstova å gbnr. 103/7 Fjellanger. Totalkostaden på denne delen av prosjektet er 120 000 kroner. Dei har tidlegare fått 40 000 kroner til same tiltaket, men søker om meir tilskot då tiltaket vart meir omfatta enn venta grunna omfattande råteskader.

Lemstova vart truleg sett opp i på 1860-talet i samband med utskiftinga av innmarka på Fjellanger. Lemstova er ein typisk representant for dene typen våningshus, som var den vanlege i vårt distrikt. Bygget framstår som nokså autentisk utan større endringar i bygningsformen, med unntak av eit mindre tilbygg i aust. Det er også mogleg at taket er løfta, noko som var vanleg for å gjera lemme meir føremålstenleg. Bygget har ein tørrmur i syd og i ein liten del av fasaden mot vest. Slike vernemurar er typisk for mange av dei eldre lemstovene i området.

Då dei starta restaureringa viste det seg at laftetømmeret i første etasje var råteskadd og ikkje kunne gjenbrukast. Dette medfører ein eksra kostnad på 120 000 kroner.

Lemstover av denne typen var dominerande i heile vårt område, men i dag er svært mange rivne, bygd til eller ombygd i stor grad. Dette gjer at dei lemstovene som står att og som i liten grad er endra har høg kulturminneverdi. Fylkeskonservatoren i Vestland fylkeskommune har også peika på at slike lemstover er ein bygningstype som kommunane bør ta eit særleg ansvar for.

Bygget er ikkje nemnd i kulturminneplanen for Lindås kommune og ligg ikkje i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at Elisabeth og Stein Otto Hole får 15 000 kroner i tilskot til vidare restaurering av lemstova på Fjellanger.

## 3. Olav André Soltveit, løe gbnr. 353/3 Bratshaug

Olav Andre Soltveit skal restaurera løa på gbnr. 353/3 Bratshaug. Totalkostaden for prosjektet er 180 000 kroner. Det er ikkje oppgjeve søknadssum.

Løa som i følge Sefrak-registreringa vart sett opp i 1909, etter utskiftinga på garden, er ei grindverksløe som er reist oppå ein tørrmurt flor. lor. Alle veggar, untatt austveggen, er kledd med bølgeblekk, men med liggande kledning under. Austveggen har liggande kledning og er ikkje kledd med bølgeblekk.

I synfaringssrapporten skriv Arild Sætre i Kulturverntenesta i Nordhordland følgjande: «Denne typen løer, som er sette opp etter utskiftinga, er godt representert både i Nordhordland, og i landet elles. Dei fleste av dei har felles skjebne med denne løa på Bratshaug; dei blir ståande ubrukt og er dermed utsette for forfall og forsvinn i eit stort tempo. Det som skil denne løa på Bratshaug frå mange av dei andre er at der er ein eigar somser verdien i dette bygget og som vil sette den i stand og bruke den på bygget sine premisser. På den måten kan denne delen av bygningshistoria formidlast vidare.»

Det er ikkje kulturminneplan for området, og bygget ligg heller ikkje i omsynssone for kulturmiljø. Kommunedirektøren rår til at Olav André Soltveit får 20 000 kroner i tilskot til restaurering av løa på Bratshaug.

## 4. Nothustomten sameie, Sjøhus Husebø

På vegne av Nothustomten sameie søker Hans Husebø om kr 18 500 i tilskot til å slutføre restaureringa av notebua på Husebø. Totalkostaden for denne delen av tiltaket er 21 500 kroner. Søkjjar har tidlegare fått 35 000 kroner i tilskot frå Meland kommune til første del av tiltaket.

Notebua vart bygd i 1909 av fleire grunneigar på Husebø. Bua vart nytta til oppbevaring av nøter og båtar i samband med notfiske. Bygningen er i to høgder og har saltak.

Det finst ikkje kultirminneplan for denne delen av kommunen, og bygget ligg ikkje i omsynssone for kulturmiljø. Kommunedirektøren rår til at Nothustomten sameie får 5 000 kroner i tilskot til å fullføra restaureringa av sjøhuset på Husebø.

#### **5. Tonny André Dale, Garveriet Ytre Fosse**

Tonny Andre Dale søker om 32 000 kroner til restaurering av golvet i første etasje på garveriet på Ytre Fosse. Totaltkostaden på denne delen av prosjektet er 67 000 kroner.

Langs Alverstraumen var det kring 1900 14 garveri i drift samstundes, og dette var ei svært viktig næring i området. Mange av garveribygga er i dag rivne, til forfall eller mykje ombygde. Garveriet på Ytre Fosse er derimot restaurert og tatt vare på om lag slik det stod då det var i bruk som garveri. Søkjar har lagt ned ein svært stor jobb og mykje midlar for å redde og setja i stand dette bygget

Alver kommune har tidlegare vore restriktive med å gje tilskot til innandørs tiltak frå denne ordninga. Golv i første etasje er naudsynt for å kunna bruka denne delen av bygget. Eigar ynskjer å bruka lokalet til å kunna laga og kopiera antikke bygningsdelar og skapa eit miljø for dette i Nordhordland. Kommunen si vurdering at dette er eit tiltak som vil gavna kulturminnevernet i regionen, og at dette kan støttast trass i at det gjeld eit tiltak innandørs.

Bygget ligg i omsynssone H570 Den indre farleia.

Kommunedirektøren rår til at Tonny Andre Dale får 30 000 kroner i tilskot til nytt golv på garveriet på Ytre Fosse.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner fordelinga av tilskot til verneverdige kulturminne i tråd med vurderingane ovanfor.